

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 16.06.2011  
Sakhandsamar: **Johnny Heggstad**  
Saka gjeld: **Helse2020 Revidert strategi for helseregionen**

**Arkivsak**  
2011/159/  
**Styresak 075/11 B**

**Styremøte 22.06. 2011**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret for Helse Vest RHF sluttar seg til det oppdaterte forslaget til revidert strategi Helse2020 med tiltaksområde for perioden 2011-2015.
2. Styret ber om at dei mange innspela til konkretisering særleg av samhandlingsreforma, blir tekne med i det vidare arbeidet med gjennomføringa av strategiplanen.

## Oppsummering

Styret for Helse Vest RHF vedtok i sak 034/11 B av 15.mars å sende Helse2020 på høyring til interne og eksterne interessentar. Høyringa er no avslutta og det er utarbeida forslag til oppdatering av revidert strategi. Strategidokumentet er føreslått oppdatert med tilføyningar om folkehelseperspektivet samt helsetenester for eldre i kapittel 3. Vidare oppdatert tekst om legemiddel i kapittel fem samt ny overskrift til kapittel 10.

Høyringsrunden har gitt mange og konstruktive tilbakemeldingar på strategidokumentet. Det er gledeleg å registrere at mange innleiingsvis i høyringssvara gir ros til initiativet og arbeidet med Helse2020 som eit godt gjennomarbeida dokument som viser mål og retning.

Dei mange innspela som går på konkretisering av strategiplanen vert, i tråd med overordna tilnærming i strategidokumentet, tilrådd tekne inn i det vidare arbeidet med gjennomføring av godkjent strategiplan.

## Fakta

Styret for Helse Vest RHF vedtok i sak 034/11 B av 15.mars å sende Helse2020 på høyring til interne og eksterne interessentar. Det er motteke 31 høyringssvar på forslaget til revidering av Helse2020, mot 26 høyringssvar i tilsvarande høyringsrunde i 2007.

Utgangspunktet for strategiarbeidet har vore at Helse Vest i åra som kjem vil bli stilt overfor auka krav til eit godt og tilgjengeleg tenestetilbod, med rett kvalitet og god pasienttryggleik, og der vår evne til fagleg og organisatorisk vidareutvikling vert utfordra. Det er uttrykt at spesialisthelsetenesta ikkje kan forvente vesentleg økonomisk realvekst dei komande åra, og at innan helsesektoren vil primærhelsetenesta bli prioritert. Dei utfordringar og dei moglegheiter vi står overfor må vi difor i stor grad pårekne å måtte løyse innanfor eigne relativt stabile rammer.

## Kommentarar

Både dei eksterne og dei interne utfordringane Helse Vest står overfor er i kontinuerleg endring. Dette stiller oss som føretaksgruppe overfor strategiske og operasjonelle vegval som må tydeleggjerast og prioriterast. Samtidig meiner vi å ha eit godt utgangspunkt frå arbeidet med utarbeidinga av Helse2020 i 2007. Visjonen, verdiane og våre overordna mål står ved lag. Grunnlagsdokumenta er heller ikkje laga på nytt, men revidert i tråd med dagens utfordringsbilete. Målet har vore å sikre at planane framleis er relevante og fagleg oppdaterte, og dekkar dei viktige utfordringane og moglegheitene Helse Vest står overfor.

Høyringsrunden har gitt mange og konstruktive tilbakemeldingar på strategidokumentet. Det er og gledeleg å registrere at mange innleiingsvis i høyringssvara gir ros til initiativet og arbeidet med Helse2020 som eit godt gjennomarbeida dokument som viser mål og retning.

Eit hovudtema i tilbakemeldingane er, naturleg nok, samhandlingsreforma. Her blir det etterlyst meir konkretisering både av innhald og når det gjeld samarbeidskonstellasjonar og avtaleverk. Det er to kommentarar til dette. For det fyrste, innspela er gode og konstruktive, og viser ein god vilje i kommunane til å komme i gang med samhandlingsreforma. Dette må absolutt følgjast opp i det vidare konkretiseringsarbeidet. Den andre kommentaren går på forståinga av Helse2020-dokumentet. Det er overordna i si form, og skal vidareførast i dei tiltaksområde som er lagt i denne planen og i strategiutforminga for det enkelte helseføretak, jamfør innretninga i kapittel 2 i strategidokumentet. Det er difor viktig å presisere at sjølv om ikkje kommentarane blir synlege i det overordna strategidokumentet her, må dei vise igjen i realiseringa av planverket.

Det må og poengterast at stortingsmeldinga om samhandlingsreforma enno ikkje er komen, og at vi slik sett er i ein tidleg fase for konkretisering.

KS har i sitt samla svar peika på at planen mest omhandlar Helse Vest sitt "indre liv". Ja, det meiner vi også er rett, dette er strategiplanen for føretaksgruppa i Helse Vest, den er ikkje meint å dekke ei samla helseteneste.

Det er vidare interessant å sjå at også fylkeskommunane melder seg på samhandlingsreforma. Dei peikar spesielt på "sine" område, folkehelseperspektivet, vidaregåande opplæring og lærlingordningar. Vi er samd i at dette også er gode samhandlingstema og vil også ta desse innspela med i det vidare arbeidet med realisering av strategien.

Eigne føretak i føretaksgruppa har vore tett involvert i heile prosessen med utarbeidinga av revidert Helse2020. Tilbakemeldingane i høyringsrunden frå desse ber og preg av at ein er godt nøgd med involvering og bidrag til strategidokumentet.

Alle mottekne høyringssvar er lagt ved som vedlegg til saka. I tillegg er det utarbeida eit eige vedlegg med oversikt over dei konkrete innspela frå kvar høyringsinstans for å lette oversynet over kva tilbakemeldingar som er gitt frå dei enkelte. Dette vedlegget er også gitt ei kolonne med kommentar om korleis dei enkelte innspela blir handtert i det vidare løpet.

## **Konklusjon**

Følgjande forhold er føreslått tekne inn i endeleg versjon av Helse2020

### **Kap. 3.2: Samhandling**

- eit nytt avsnitt innleiingsvis som omhandlar folkehelseperspektivet

### **Kap. 3.3: Pasienttryggleik, kvalitet og prioritering**

- eit nytt avsnitt om helsetenester for eldre

Vi har ikkje eit eige tiltaksområde om eldre, grunngevinga for dette er todelt. Eldretilbodet er dekkja gjennom mange av dei ulike tiltaksområda. Dessutan er det sett i verk fleire tiltak allereie, derfor er dette teke inn som ei beskriving av status her.

### **Kap. 5.3: om legemiddelbruk**

- det er føreslått oppdatert tekst etter innspel frå sjukehusapoteka om tiltaksområde 3 når det gjeld samhandling samt for legemiddelbehandling og pasientsikkerheit.

### **Kap.10: Vegene vidare**

KS har kommentert at "vegene vidare" berre utgjør ei halv side i dokumentet. Heile Helse2020-dokumentet handlar om vegene vidare, vi føreslår difor å endre overskrifta på sluttkapittelet til "Vidare prosess".

Forslaget til endring er skriva inn i plandokumentet med sponing av endringane for å auke lesbarheita i forhold til endringsforslaga.

Vedlegg:

- Revidert Helse 2020 Strategi for helseregionen – Visjon og mål,
- 1 Strategi og handlingsplan
  - 2 Oppsummering av høyringssvar med kommentarar  
Høyringssvar frå Pasient- og brukaromboda i Rogaland, Hordaland og
  - 3 Sogn og Fjordane
  - 4 Høyringssvar frå Hardangerrådet
  - 5 Høyringssvar frå Lindås kommune
  - 6 Høyringssvar frå Strand kommune
  - 7 Høyringssvar frå KS Vest
  - 8 Høyringssvar frå Bjerkreim kommune
  - 9 Høyringssvar frå Haugesund kommune
  - 10 Høyringssvar frå Vågsøy kommune
  - 11 Høyringssvar frå Haraldsplass Diakonale Sykehus
  - 12 Høyringssvar frå Stavanger kommune
  - 13 Høyringssvar frå Gloppen kommune
  - 14 Høyringssvar frå Bømlo kommune
  - 15 Høyringssvar frå Helse Fonna HF
  - 16 Høyringssvar frå Stryn kommune
  - 17 Høyringssvar frå Helse Stavanger HF
  - 18 Høyringssvar frå PKO Helse Fonna
  - 19 Høyringssvar frå PKO Helse Stavanger
  - 20 Høyringssvar frå Helse Vest IKT AS
  - 21 Høyringssvar frå Hordaland Fylkeskommune
  - 22 Høyringssvar frå Rogaland Fylkeskommune
  - 23 Høyringssvar frå Jæren DPS
  - 24 Høyringssvar frå Eigersund kommune
  - 25 Høyringssvar frå Gjesdal kommune
  - 26 Høyringssvar frå Klepp kommune
  - 27 Høyringssvar frå Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus
  - 28 Høyringssvar frå Førde kommune
  - 29 Høyringssvar frå Time kommune
  - 30 Høyringssvar frå Hå kommune
  - 31 Høyringssvar frå Hordaland Fylkeskommune - tillegg
  - 32 Høyringssvar frå Helse Bergen HF
  - 33 Høyringssvar frå Universitetet i Bergen
  - 34 Høyringssvar frå Sjukehusapoteka Vest HF
  - 35 Høyringssvar frå Stavanger kommune